

Møteprotokoll Kommunedelsutvalet Ørskog

Møtedato: 01.06.2026
Møtestad: Ålesund rådhus
Møtetid: 17:00 - 19:35

Frammøtte medlem
Arnfred Balseth
Elin Dyrkorn
Arne Abelseth
Bent Inge Urke
Bjørn Steinar Skarbø
Janet Roelofs
Runa Klock
Siv Kristin Krokfoss

Forfall
Helene Børretzen Fjørtoft

Møteleiar: Runa Klock
Protokollfører: Ingrid Rekdal Hjelle

Møtenotat

Tal røysteføre:

Eit medlem møtte ikkje, og vara ikkje kalla inn.

Bent Inge Urke kom etter fellesdelen og etter behandling av sak 026/26.

7 røysteføre i sak 026/27.

8 røysteføre i sak 027/26.

Bjørn Steinar Skarbø gjekk etter behandling av sak 027/26.

7 røysteføre i sak 028-031/26.

Anna:

Sak 031/26 Bruk av budsjettmidlar 2026 vart samrøystes ført opp på sakslista i slutten av møtet.

I forkant av felles kommunedelsutvalsmøte var alle leiarane samla for gjensidig errfaringsutveksling. Her deltok ordførar Håkon Lykkebø Strand, kommunedirektør Steven Hasseldal og politisk sekretariat.

Agende fellesmøte:

Orientering og drøfting av innspel til trafikksikkerhetsplan. Rådgivar Anne-Marit Moe Aarø og avdelingsleiar Malin Ramnemo frå Miljø og samferdsel deltok.

Sakliste

Saksnummer:

Tittel

026/26	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
027/26	Innspill trafikksikkerhetsplan
028/26	Registrering av krigsminnesmerker i kommunen
029/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar
030/26	Innspel frå Ålesund kommune - tiltak i investeringsprogram
031/26	Bruk av budsjettmidlar 2026 - Ørskog kommunedelsutval

026/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
--

026/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026**Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent.

Møteleiar og Arne Abelseth blir valde til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

Behandling:**Namneforslag, fremma av Runa Klock:**

Arne Abelseth.

Votering:

Kommunedirektøren si innstilling og møteleiar sitt namneforslag vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

Kommunedirektøren si innstilling:

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent.

Møteleiar, blir valde til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

027/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026

Innspel:

Medverking

Kommunedelen Ørskog er prega av svært stor gjennomgangstrafikk både på E39/136 og Fv 650, med svært mange farlege kryss og innkøyrslar frå bustadfelt, samt ingen kryssingspunkt for mjuke trafikantar. I tillegg lid bygda av urealiserte og skrinlagde reguleringsplanar for tettstaden Sjøholt, noko som resulterer i utflytande areal, usamanhengande vegar og GS-nettverk i sentrum. Det er store utfordringar for mjuke trafikantar og lokaltrafikk å krysse hovudvegen som deler bygda i to. Med dette som bakteppe er engasjementet rundt veg og trafikktryggleik stort, og det er difor svært beklageleg at ikkje kartløysinga for innspel vart tilstrekkeleg delt.

Ørskog kommunedelsutval fekk tilfeldigvis vite om kartløysinga i kveldsmøte med Statens Vegvesenet 20/5, same kveld som fristen var for å kome med innspel. FAU hadde heller ikkje delt informasjon, slik sakshandsamar hadde håpt. Kommunedelsutvalet ba om forlenga frist, men fekk negativt svar. Ein sein «aksjon» på Facebook same kveld skapte stort engasjement, men 4 timar til fristen var for kort. I oversikt på saksgangen stå det i saka; «Det gjennomføres medvirkning hvor alle innbyggere har hatt mulighet til å komme med innspill i kart.» Men utan at innbyggjarane her fekk vite om denne mogelegheita er ikkje medverkinga reell, og viktige innspel er har ikkje kome med. Det er svært kritikkverdig når ein også i saka skriv at «Medvirkning er av høy viktighet for arbeidet med temaplanen».

Prioriterte tiltak

Vidare er kommunedelsutvalet oppfordra til å sende ei liste over sine fem mest prioriterte tiltak, i ønska rekkefølge. Dette er ei tilnærma umogeleg oppgåve for utvalet i Ørskog for her kjem vi fort i eit dilemma. I planprogram for Temaplan for trafikksikkerhet står det nemleg: «Gjennom arbeidet med trafikksikkerhetsplanen vil det utarbeides en handlingsdel med tiltaksliste. Denne vil inneholde organisatoriske tiltak, fysiske tiltak og trafikantrattede tiltak med kommunalt ansvar.»

Svært mange av punkta i kartet der det er mange innspel i Ørskog er knytt til E39/136 der Statens Vegvesen er vegeigar og har ansvaret. Korleis vil då våre forslag til tiltak bli arbeidd med i ein handlingsdel? Til dømes:

• Gaupfloget (INN0482 + 15 andre innspel)

Ørskog KDU har denne saka på sitt handlingsprogram og har ved fleire høve understreka den store nytta av å knyte saman gangvegen mellom Tøsse og Apalset, der berre 2-300 meter manglar. Kommunedelsutvalet har bedt om at kommunen startar planlegging så arbeidet hurtig kan kome i gang ved finansiering, men fått svar at det er Statens Vegvesen sin veg den skal gå ved sidan av og dermed deira ansvar. Ørskog KDU har lyst å sette dette tiltaket høgt på prioriteringslista, men vil den ha sjans å kome inn på handlingsdelen til kommunen? Vi meiner at kommunen her kan gjere organisatoriske tiltak dersom der er vilje til å ta ansvar og til å samarbeide med SVV.

• Kryss og innkjørsler på E39

- Amtskulevegen (INN0468 og 7 andre innspel)
- Dyrbergvegenkrysset (INN0455)
- Småbåthamna (INN-0504 og 3 andre)
- Bunnpris (INN- 0537 og 6 andre)
- Bjørkereitvegen (INN-0562 og 4 andre)
- Øvlandsvegen (INN-0427)
- Giskemovegen (INN-0428)

Alle disse kryssa (pluss fleire) og kryssingspunkta som ligg på E39 frå vest til aust i kommunedelen, treng utbetring og tilrettelegging. Fartsgrensene må justerast ned. Men alle desse er også i tilknytning til E39, og kommunen må kome på banen for å trygge innbyggjarane her, og vere ei stemme mot Statens vegvesen som prioriterer gjennomgangstrafikken.

Eit kryss vi vil legge særskilt vekt på er

• **Krysset ved brannstasjonen** (INN-0439 og 0421 andre innlegg!) og gangvegen austover. Her må det strakstiltak til og kommunen må utfordre statens vegvesen.

Det er svært utrygt å gå her etter at autovernet vart fjerna! Utruleg nok vart det saga vekk deler av asfalten frå gangvegen for å lage «meir» avstand mellom bilveg og gangveg. Sannsynlegvis for å imøtekomme krav om avstand mellom gangveg og bilveg. Dette resulterte i smalare gangveg. Bilvegen ligg høgare enn gangvegen og mange bilistar held høg fart. Både gangveg og kryss inn til brannstasjonen må utbetrast.

Andre vegar der det er stort engasjement og behov for tiltak er fylkesvegane i vår kommunedel.

Hadde innbyggjarane visst om kartet hadde det nok kome mange innspel på bilvegane frå Viset til Skarbø; dette er fylkesveg (fv650) som treng utbetring!

• **Giskemovegen** (INN-0564 og 6 innspel til) er fylkesveg (Fv 522) og skuleveg. Dei mange innspela om den uhaldbare trafikkmengda gjennom tuna, på ein smal og underdimensjonert veg som mange born bur kloss inntil viser klart at dette er noko kommunen må ta tak i. Ørskog kommunedelsutval har tidlegare spelt inn at vegen bør flyttast syd for dyrkamarka, inntil rørene/Løken.

• Solnørdalvegen og Jørnvegen (INN-0497)

Solnørdalvegen (INN-0550)er og fylkesveg (Fv5940), men og skuleveg for svært mange born. Her er det i frå sentrum eit smalt «fortau» utan høgdeforskjell. Kryssing til snarveg ned til sentrum er ikkje merka og i akselerasjonsfelt for bilar (INN-0507) . Lenger opp forsvinn heile gangvegen og born er tvinga ut i vegbana. Dette er rett etter krysset mot Jørnvegen (Kv) (INN-0497). Dette krysset fører inn til kommunalveg, og dermed eit tiltak som kan gå rett inn på lista. Det er bygd 16 nye bustader i det nye feltet i Jørnvegen, og dei ca. 45 bebuarane har ingen tilrettelegging med verken kryssing eller gangsoner, eit farleg og uoversiktleg kryss, midt i ein sving, utan lys. Her må kommunen samarbeide med fylket om utbetring.

Noko som er kommunens ansvar er drift og vedlikehald:

- **Fartsgrenser, vinterdrift og vedlikehald** som merking på kommunalveg (INN- 0533)
Kommunen må skaffe utstyr som passsar gangvegane så dei blir brøyta, t.d. ved kulturhuset. No tvingast borna ut i bilvegen vinterstid. Gangveg mot aust etter undergangen blir ofte ikkje brøyta.
Og GS veg mot skulen blir brøyta alt for seint på dag.

Fartsgrenser i heile sentrum bør vere 30km/t. Fleire vegar som t.d. Prestegardsvegen og Elling O. Wallbøes veg bør vurderast om dei skal vere forkøyrsvog; mange trur det og det oppstår farlege situasjonar. Kommunen bør gjere ein gjennomgang av all skilting og prioritere midlar til å skifte skilt. Undergangen er heller ikkje skilta og mange finn den rett og slett ikkje.

Ørskog kommunedelsutval har og arbeidd for at oppmerkinga av areal for mjuke trafikantar, med kvite striper, som eit minimum av trafikktryggingstiltak bør verdlikehaldast. Dei store utflytande asfalterte areala er no igjen nesten heilt utan oppmerking. Her er det og lett å søke midlar frå fylket på trafikktryggingsmidlar.

Tre og hekkar, fleire på kommunal grunn, som ved kyrka, hindrar sikt og gjer kryssing farleg. Dette er enke tiltak som gjev stor effekt.

- **Årøyhaugen / Småbåthamna** (INN- 0465 og 12 innspel til), ved Bygdebladet, sentrum syd
Dette er og kommunale vegar. Manglande gjennomføring av reguleringsplan er mykje av grunnen til at dette området opplevast som kaotisk, uoversiktleg og farleg. Det går ein kommunal veg rett gjennom bensinstasjonen, tungtransporten blir losa rett gjennom G/S vegen frå undergangen i enden av Elling O. Wallbøes veg; denne vegen burde gjenopnast (INN-0574) og kvar skal ein eigentleg gå frå undergangen mot busstasjonen? Kommunen må prioritere å få godkjent reguleringsplan, samstundes som dei gjer fysiske tiltak innafor gjeldande og komande plan no.

- **Området rundt skulen og Idenvegen** (INN-0438 + 0553) (hjertesone)
Skuleborna blir tvinga til å krysse bilvegen to gonger på veg inn på skuleområdet. Dette kan lett endrast ved å forlenge gangvegen nokre meter og lage eit ekstra kryssingspunkt litt lengre syd.

Krysset i Idenvegen er ikkje merka med striper, svingen opp gangvegen er svært bratt og umogeleg å bruke for både folk i rullestol , tom elektrisk rullestol. Denne svingen vart løfta då vegen vart «utbetra» , og må senkast igjen for betre universell utforming, samt tryggare kryssing for dei som kjem syklande frå aust.

Ørskog kommunedelsutval ber om at alle tiltak over blir tatt med vidare.

Utvalet oppmodar kommunen om å innarbeide ein rutine for å alltid søke trafikktryggingsmidlar av fylket til fysiske tiltak (frist 1. september).

Ørskog kommunedelsutval ber også om at det blir omhandla og klargjort i planen korleis utfordringar på riksveg og fylkesveg skal bli arbeidd med frå kommunen sin side og kva ansvar dei tek som pådrivar og samarbeidspartnar i slike saker.

Behandling:

Fellesforslag, fremma av Runa Klock:

Medverking

Kommunedelen Ørskog er prega av svært stor gjennomgangstrafikk både på E39/136 og Fv 650, med svært mange farlege kryss og innkjørsler frå bustadfelt, samt ingen kryssingspunkt for mjuke trafikantar. I tillegg lid bygda av urealiserte og skrinlagde reguleringsplanar for tettstaden Sjøholt, noko som resulterer i utflytande areal, usamanhengande vegar og GS-nettverk i sentrum. Det er store utfordringar for mjuke trafikantar og lokaltrafikk å krysse hovudvegen som deler bygda i to. Med dette som bakteppe er engasjementet rundt veg og trafikktryggleik stort, og det er difor svært beklageleg at ikkje kartløysinga for innspel vart tilstrekkeleg delt.

Ørskog kommunedelsutval fekk tilfeldigvis vite om kartløysinga i kveldsmøte med Statens Vegvesenet 20/5, same kveld som fristen var for å kome med innspel. FAU hadde heller ikkje delt informasjon, slik sakshandsamar hadde håpt. Kommunedelsutvalet ba om forlenga frist, men fekk negativt svar. Ein sein «aksjon» på Facebook same kveld skapte stort engasjement, men 4 timar til fristen var for kort. I oversikt på saksgangen stå det i saka; «Det gjennomføres medvirkning hvor alle innbyggere har hatt mulighet til å komme med innspill i kart.» Men utan at innbyggjarane her fekk vite om denne mogelegheita er ikkje medverkinga reell, og viktige innspel er har ikkje kome med. Det er svært kritikkverdig når ein også i saka skriv at «Medvirkning er av høy viktighet for arbeidet med temaplanen».

Prioriterte tiltak

Vidare er kommunedelsutvalet oppfordra til å sende ei liste over sine fem mest prioriterte tiltak, i ønska rekkefølge. Dette er ei tilnærma umogeleg oppgåve for utvalet i Ørskog for her kjem vi fort i eit dilemma. I planprogram for Temaplan for trafiksikkerhet står det nemleg: «Gjennom arbeidet med trafiksikkerhetsplanen vil det utarbeides en handlingsdel med tiltaksliste. Denne vil inneholde organisatoriske tiltak, fysiske tiltak og trafikantrettede tiltak med kommunalt ansvar.»

Svært mange av punkta i kartet der det er mange innspel i Ørskog er knytt til E39/136 der Statens Vegvesen er vegeigar og har ansvaret. Korleis vil då våre forslag til tiltak bli arbeidd med i ein handlingsdel? Til dømes:

• Gaupfloget (INN0482 + 15 andre innspel)

Ørskog KDU har denne saka på sitt handlingsprogram og har ved fleire høve understreka den store nytta av å knyte saman gangvegen mellom Tøsse og Apalset, der berre 2-300 meter manglar. Kommunedelsutvalet har bedt om at kommunen startar planlegging så arbeidet hurtig kan kome i gang ved finansiering, men fått svar at det er Statens Vegvesen sin veg den skal gå ved sidan av og dermed deira ansvar. Ørskog KDU har lyst å sette dette tiltaket høgt på prioriteringslista, men vil den ha sjans å kome inn på handlingsdelen til kommunen? Vi meiner at kommunen her kan gjere organisatoriske tiltak dersom der er vilje til å ta ansvar og til å samarbeide med SVV.

• Kryss og innkjørsler på E39

- Amtskulevegen (INN0468 og 7 andre innspel)

- Dyrbergvegenkrysset (INN0455)
- Småbåthamna (INN-0504 og 3 andre)
- Bunnpris (INN- 0537 og 6 andre)
- Bjørkereitvegen (INN-0562 og 4 andre)
- Øvlandsvegen (INN-0427)
- Giskemovegen (INN-0428)

Alle disse kryssa (pluss fleire) og kryssingspunkta som ligg på E39 frå vest til aust i kommunedelen, treng utbetring og tilrettelegging. Fartsgrensene må justerast ned. Men alle desse er også i tilknytning til E39, og kommunen må kome på banen for å trygge innbyggjarane her, og vere ei stemme mot Statens vegvesen som prioriterer gjennomgangstrafikken.

Eit kryss vi vil legge særskilt vekt på er

- **Krysset ved brannstasjonen** (INN-0439 og 0421 andre innlegg!) og gangvegen austover. Her må det strakstiltak til og kommunen må utfordre statens vegvesen.

Det er svært utrygt å gå her etter at autovernet vart fjerna! Utruleg nok vart det saga vekk deler av asfalten frå gangvegen for å lage «meir» avstand mellom bilveg og gangveg. Sannsynlegvis for å imøtekomme krav om avstand mellom gangveg og bilveg. Dette resulterte i smalare gangveg. Bilvegen ligg høgare enn gangvegen og mange bilistar held høg fart. Både gangveg og kryss inn til brannstasjonen må utbetrast.

Andre vegar der det er stort engasjement og behov for tiltak er fylkesvegane i vår kommunedel.

Hadde innbyggjarane visst om kartet hadde det nok kome mange innspel på bilvegane frå Viset til Skarbø; dette er fylkesveg (fv650) som treng utbetring!

- **Giskemovegen** (INN-0564 og 6 innspel til) er fylkesveg (Fv 522) og skuleveg. Dei mange innspela om den uhaldbare trafikkmengda gjennom tuna, på ein smal og underdimensjonert veg som mange born bur kloss inntil viser klart at dette er noko kommunen må ta tak i. Ørskog kommunedelsutval har tidlegare spelt inn at vegen bør flyttast syd for dyrkamarka, inntil rørene/Løken.

- **Solnørdalvegen og Jørnvegen** (INN-0497)

Solnørdalvegen (INN-0550)er og fylkesveg (Fv5940), men og skuleveg for svært mange born. Her er det i frå sentrum eit smalt «fortau» utan høgdeforskjell. Kryssing til snarveg ned til sentrum er ikkje merka og i akselerasjonsfelt for bilar (INN-0507) . Lenger opp forsvinn heile gangvegen og born er tvinga ut i vegbana. Dette er rett etter krysset mot Jørnvegen (Kv) (INN-0497). Dette krysset fører inn til kommunalveg, og dermed eit tiltak som kan gå rett inn på lista. Det er bygd 16 nye bustader i det nye feltet i Jørnvegen, og dei ca. 45 bebuarane har ingen tilrettelegging med verken kryssing eller gangsoner, eit farleg og uoversiktleg kryss, midt i ein sving, utan lys. Her må kommunen samarbeide med fylket om utbetring.

Noko som er kommunens ansvar er drift og vedlikehald:

• **Fartsgrenser, vinterdrift og vedlikehald** som merking på kommunalveg (INN- 0533)

Kommunen må skaffe utstyr som passar gangvegane så dei blir brøyta, t.d. ved kulturhuset. No tvingast borna ut i bilvegen vinterstid. Gangveg mot aust etter undergangen blir ofte ikkje brøyta.

Og GS veg mot skulen blir brøyta alt for seint på dag.

Fartsgrenser i heile sentrum bør vere 30km/t. Fleire vegar som t.d. Prestegardsvegen og Elling O. Wallbøes veg bør vurderast om dei skal vere forkøyrsvog; mange trur det og det oppstår farlege situasjonar. Kommunen bør gjere ein gjennomgang av all skilting og prioritere midlar til å skifte skilt. Undergangen er heller ikkje skilta og mange finn den rett og slett ikkje.

Ørskog kommunedelsutval har og arbeidd for at oppmerkinga av areal for mjuke trafikantar, med kvite striper, som eit minimum av trafikktryggingstiltak bør verdlikehaldast. Dei store utflytande asfalterte areala er no igjen nesten heilt utan oppmerking. Her er det og lett å søke midlar frå fylket på trafikktryggingssmidlar.

Tre og hekkar, fleire på kommunal grunn, som ved kyrka, hindrar sikt og gjer kryssing farleg. Dette er enke tiltak som gjev stor effekt.

• **Årøyhaugen / Småbåthamna** (INN- 0465 og 12 innspel til), ved Bygdebladet, sentrum syd

Dette er og kommunale vegar. Manglande gjennomføring av reguleringsplan er mykje av grunnen til at dette området opplevast som kaotisk, uoversiktleg og farleg. Det går ein kommunal veg rett gjennom bensinstasjonen, tungtransporten blir losa rett gjennom G/S vegen frå undergangen i enden av Elling O. Wallbøes veg; denne vegen burde gjenopnast (INN-0574) og kvar skal ein eigentleg gå frå undergangen mot busstasjonen? Kommunen må prioritere å få godkjent reguleringsplan, samstundes som dei gjer fysiske tiltak innafor gjeldande og komande plan no.

• **Området rundt skulen og Idenvegen** (INN-0438 + 0553) (hjertesone)

Skuleborna blir tvinga til å krysse bilvegen to gonger på veg inn på skuleområdet. Dette kan lett endrast ved å forlenge gangvegen nokre meter og lage eit ekstra kryssingspunkt litt lengre syd.

Krysset i Idenvegen er ikkje merka med striper, svingen opp gangvegen er svært bratt og umogeleg å bruke for både folk i rullestol , tom elektrisk rullestol. Denne svingen vart løfta då vegen vart «utbetra» , og må senkast igjen for betre universell utforming, samt tryggare kryssing for dei som kjem syklande frå aust.

Ørskog kommunedelsutval ber om at alle tiltak over blir tatt med vidare.

Utvalet oppmodar kommunen om å innarbeide ein rutine for å alltid søke trafikktryggingssmidlar av fylket til fysiske tiltak (frist 1. september).

Ørskog kommunedelsutval ber også om at det blir omhandla og klargjort i planen korleis utfordringar på riksveg og fylkesveg skal bli arbeidd med frå kommunen sin side og kva ansvar dei tek som pådrivar og samarbeidspartnar i slike saker.

Votering:

Kommunedelsutvalet jobba med innspel både under fellesdelen og vidare i sitt eige møte. Leiar samanfatta innspela utvalet ville prioritere.

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt med 8 stemmer.

Kommunedirektøren si innstilling:

Det er nå et ønske om innspill fra dere på fritt grunnlag, derfor er saken lagt frem uten innstilling.

028/26 Registrering av krigsminnesmerker i kommunen
--

028/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026

Vedtak:

Dette må rettast:

Minnesmerket ved Ørskog kulturhus er over dei som deltok aktivt under 2. verdenskrig, og ikkje over dei falne, som det står i saksutgreiinga.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Dette må rettast:

Minnesmerket ved Ørskog kulturhus er over dei som deltok aktivt under 2. verdenskrig, og ikkje over dei falne, som det står i saksutgreiinga.

Votering:

Forslaget til Runa Klock vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunedelsutvalgene tar saken til orientering og bes om å:

1. Gjennomgå foreløpig oversikt over minnesmerker i sitt område
2. Melde inn:
 - a. minnesmerker som ikke er inkludert
 - b. eventuelle feil eller mangler i oversikten
 - c. tilleggsinformasjon (historikk, plassering, bilder mv.)
3. Bidra til at oversikten blir best mulig før publisering

Innspill sendes administrasjonen innen 1.9.26.

029/26 Eventuelt - spørsmål - orienteringar
--

029/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026

Vedtak:

Orienteringa vart tatt til vitande.

Behandling:

Kjøkkenet på Ørskog kulturhus - tilbakemelding frå ÅKE:

Vi bekrefter at vi har satt dette på prioriteringslista for 2026.

Løsningen og arbeidet vil som vanlig bli planlagt, utarbeidet og gjennomført i samarbeide med virksomhet for kultur og aktuelle brukere. Vi vil komme tilbake til endelig tidspunkt for gjennomføring senere

Leiar informerte om at ho har vore i dialog med ordførar, og har fått avtalt at kommunen organiserer og dekker kostnadane ved opningsfest av Sjøtrappa. Mogleg dato er 19. juni.

Ingen votering i saka.

030/26 Innspel frå Ålesund kommune - tiltak i investeringsprogram

030/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026

Uttale:

Kommunestyret ber Møre og Romsdal fylkeskommune om å prioritere tiltak på fylkesveg 650; Visethammeren, Vaksvikbrua og Kleiva/Vestre, samt fylkesveg 522 Giskemo med påkoplingsramper til E39 både nordover og sørover.

Det vert oppmoda om at fylkeskommunen snarast set av midlar til tiltak i investeringsprogram.

Behandling:

Votering:

Innstillinga til kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret ber Møre og Romsdal fylkeskommune om å prioritere tiltak på fylkesveg 650; Visethammeren, Vaksvikbrua og Kleiva/Vestre, samt fylkesveg 522 Giskemo med påkoplingsramper til E39 både nordover og sørover.

Det vert oppmoda om at fylkeskommunen snarast set av midlar til tiltak i investeringsprogram.

031/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 01.06.2026**Vedtak:**

Ørskog kommunedelsutval tildelar følgande:

- Abelseth og Tøsse grendehus kr. 2500,-. Beløpet skal øymerkast pensjonisttreff.
- Sjøholtreitane Vel kr. 4000,-. Beløpet skal øymerkast leikeplassen.

Behandling:**Fellesforslag:**

Ørskog kommunedelsutval tildelar følgande:

- *Abelseth og Tøsse grendehus kr. 2500,-. Beløpet skal øymerkast pensjonisttreff.*
- *Sjøholtreitane Vel kr. 4000,-. Beløpet skal øymerkast leikeplassen.*

Votering:

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

019/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 05.05.2026**Vedtak:**

Ørskog kommunedelsutval tildelar Skarbø krinslag kr. 2500,-. Beløpet skal øymerkast eldrekafeen.

Vidare vert det sett av inntil kr. 4000,- til opninga av sjøtrappa.

Elin Dyrkorn, Bent Inge Urke, Helene Børretzen Fjørtoft og Runa Klock vil jobbe med aktiviteter rundt opninga.

Behandling:**Fellesforslag:**

Ørskog kommunedelsutval tildelar Skarbø krinslag kr. 2500,-. Beløpet skal øymerkast eldrekafeen.

Vidare vert det sett av inntil kr. 4000,- til opninga av sjøtrappa.

Elin Dyrkorn, Bent Inge Urke, Helene Børretzen Fjørtoft og Runa Klock vil jobbe med aktiviteter rundt opninga.

Votering:

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

010/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 04.03.2026

Vedtak:

Ørskog kommunedelsutval tildeler Ørskog skyttarlag kr 5000,-
Pengane er øyremerka oppgradering av Skyttarhuset.

For tildeling av øvrige midlar, vert saka utsett til vidare behandling i neste møte.

Behandling:

Fellesforslag:

*Ørskog kommunedelsutval tildeler Ørskog skyttarlag kr 5000,-
Pengane er øyremerka oppgradering av Skyttarhuset.*

For tildeling av øvrige midlar, vert saka utsett til vidare behandling i neste møte.

Votering:

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

005/26 Kommunedelsutvalet Ørskog 29.01.2026

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Sekretær blir beden om å lage til oversikt over tidlegare mottakarar.

Behandling:

Utsettingsforslag, fremma av Janet Roelofs:

Saka vert utsett til neste møte.

Sekretær blir beden om å lage til oversikt over tidlegare mottakarar.

Votering:

Utsettingsforslaget til Janet Roelofs vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.